



AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

Dato: 24.05.2017  
Vår ref.: 2017/877-7  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## Vedr. søknad om tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne - Steinalderstien - Austrheim kommune - Hordaland – Tilsegn om tilskot

Me visar til dykkar søknad av 31.3.2017 om tilskot til tilretteleggingsprosjektet «Steinalderstien» i Fosnstraumen i Austrheim kommune.

Hordaland fylkeskommune lyste 30.januar 2017 ut kr 400.000,- i tilskotsmidlar til **større** prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne. Jamfør utlysinga publisert på nettsidene til Hordaland fylkeskommune skulle midla tildelast eitt eller maksimalt to større prosjekt innan tilrettelegging og formidling av arkeologise kulturminne på prioriteringslista til BARK. Innkomne søknader vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i PS 77/2017, 16.mai 2017.

Det kom inn tre søknader til dei utlyste midla, og søknadene vart vurdert opp mot kriteria i utlysinga:

- Fysisk tilrettelegging med fokus på Universell utforming
- Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi
- Folkehelse
- Samarbeid og heilskapleg planlegging

I tillegg vart det vurdert kor vidt prosjektet var eigna til å vera eit **fyrstårnprosjekt** innan tilrettelegging og formidling av kulturminne i Hordaland.

Ettter vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i sak PS 77/2017, 16.5.2017 gjer Hordaland fylkeskommune **tilsegn om tilskot til prosjektet «Steinalderstien» på kr 400.000,-.**

Prosjektet fyller alle kriteria og vil verta eit fyrstårnprosjekt som skil seg ut i fylket. Alle dei omsøkte prosjekta hadde gode kvalitetar, men prosjektet «Steinalderstien» jamfør dykkar søknad viste ei detaljgrad og eit planleggingsnivå som gjorde at søknaden skilde seg ut. Den detaljerte skildringa av korleis tiltaket var planlagt gjennomført, og det høge ambisjonsnivået gjorde potensialet som fyrstårnprosjekt tydeleg.

- Tilskotet skal ikkje nyttast til skogrydding.
- Tilskotet vert gitt for ein periode på to år. Årleg rapportering om framdrift skal gjennomførast innan 1. november kvart år. Tilskotet kan forlengast dersom det vert avtalt.

### Vilkår for tildeling

Det må liggje føre planar godkjente av fylkeskonservatoren før arbeidet vert sett i gong. Alle inngrep i automatisk freda kulturminne krev dispensasjon frå kulturminnelova. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Før det vert sett i gong tiltak på eller rett ved automatisk freda kulturminne må det sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra detaljert.

Det er ein føresetnad for utbetaling at arbeidet vert utført slik som godkjent, og at retningslinjene vert følgt. Skjema for aksept av retningslinjer og vilkår ligg vedlagt, og må sendast fylkeskommunen innan fire veker etter at tilsegnsbrevet er motteke.

Tilskotsmottakar må skriftleg underrette fylkeskommunen dersom nokon av føresetnadene for prosjektet (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdrift) endrar seg, eller dersom noko uventa skjer. Ein må søkje særskild for å få omdisponert tilskotsmidlar til andre delar av prosjektet eller andre tiltak.

Utbetaling av tilskot skjer på bakgrunn av oppmoding om utbetaling frå tilskotsmottakar. Oppmodinga skal innehalda dokumentasjon på at tiltaket er sett i gong eller utført. Eventuell forskotsutbetaling må avtalast spesielt i kvart einskild tilfelle. Det skal liggja føre skriftleg avtale med grunneigar før tilskotet vert utbetalt.

Det er ein føresetnad at prosjekt som får tilskot gjer greie for planar om at eit eventuelt anlegg vert forsikra. Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle gå bort frå dette kravet. Hordaland fylkeskommune ber om at de gjer greie for korleis dette er tenkt løyst.

### **Oppfølging, rapportering og kontroll**

I prosjektperioden skal tilskotsmottakar fortløpande rapportera om eventuelle vesentlege avvik frå prosjektskisa. Årleg rapportering om framdrift skal gjennomførast innan 1. november kvart år. Så snart som mogleg etter at prosjektet er avslutta og seinaste 1. november 2018 skal det sendast inn rekneskap og sluttrapport, med mindre det er inngått avtale om forlenging.

Ved prosjekt som får tilskot kan fylkeskommunen krevje at det vert sendt kopi av rekneskap med kopi av bilag. Det kan òg krevjast attestasjon frå revisor. Fylkeskommunen tek atterhald om at tilskotet kan bli kravd tilbakebetalt heilt eller delvis dersom mottakar gjer urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene viser seg å verte lågare enn budsjettert, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

### **Klage**

Vedtak om tildeling kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagefrist er tre veker frå søkjaren fekk underretning om vedtaket.

Me ber om at Austrheim kommune snarast tek til med regulering av tiltaket og at de arbeidar vidare med avtalar om grunnavståing. Me ser fram til det vidare samarbeidet om prosjektet.

Per Morten Ekerhovd  
kst. Fylkesdirektør Kultur og Idrett

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Akseptskjema for tilskot - Steinalderstien - Austrheim kommune